



ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 8

OKTOBER 1979

29. årgang

FATTIG UTAN HELGADAG

*A halda helg det var så fin ein skikk.
No er det traktordur og biltrafikk.*

*Før var det helge-stilt kring land
og strand.
No er det bråk og ståk og bråtebrand.*

*Før var det fred på tun, ved sjø, i skog.
No driv de på med øks og horv og plog.*

*Før var det høgtid, kyrkjeklokke-låt.
No høyrst det frå skytebanen skot.*

*Før var det «helgefred med tempel i».
Det synest som den tida er forbi.*

*Den gamle skikken kjem nok aldri att.
Men Norge, du har mist ein fager skatt.*

*Med levestandard av det høgste slag,
du fattig er forutan helgedag.*

*Så kjem det kanskje til vårt land
ein gong
ei tid forutan kyrkjeklokke-klong, —*

*ei tid forutan folk på kyrkjeveg.
Og over ingen himmel kvelver seg.*

Dette anonyme diktet seier oss mykje om det som held på og skjer med kviledagen, — helgedagen. I vår teknifiserte tidsalder, med ein overflodsstandard og eit oppjaga tempo, skulle vel kviledagen vår vori meir aktuell enn nokon gong før. Etter mi meining er det det motsatte som skjer.

Før ein del år attende kimte kyrkjeklokkene alt inn helgafreden laurdag ettermiddag. No er ofte laurdags ettermiddag og kveld meir hektisk enn andre ettermiddagar og kveldar. Idrottsarrangement, bilvask og hyttebeygging har overtatt. Og ikkje minst underhaldningsindustrien.

Alle menneske har behov for kvile og avslapning. Etter 5-6 dagars slit i t.d. jordbruk og industri, kom kviledagen og blei brukt som den var tenkt. Dette har forandra seg. Mange har stillesitjande arbeid, — og har behov for fysisk aktivitet i fritida. Det er klart at også dagens menneske treng avveksling frå det kvardagslege mas.

Søndag er meint som både kvile- og heilagdag, fordi Jesus stod opp frå det døde første dag i veka. Difor valde dei kristne søndagen til fridag.

Det går an å kombinere fysisk aktivitet med den primære hensikt: Gudsteneste. Det går an å samlast til ei fredleg stund med familien på t.d. søndag føremiddag. Det går an å skape litt av den gamle «helgadagsfreden», — om det ikkje akkurat blir «heilagdagsfred». Dei fleste av oss er glade og synest det er triveleg når vi ein og annan gong får med oss familien til kyrkja.

Eg trur at bondekvinne/bygdakvinner kan gjera meir for å skape litt god, gammaldags helgafred. Kvar for oss, i vårt eige, vesle samfunn kan vi gjera dagen til noko av det den er tenkt til. Det blir ein styrke for oss og for samfunnet. For den som er så heldig at ein har vaksi opp med besteforeldre i same heim, — har ein oftast opplevd denne helgafreden. Eg hugsar frå min eigen barndom og ungdom korleis helgafreden liksom kom sigande. Det var godt. Bestemor kom inn søndag morgon med helgakjolen på. Reint nystroki forkle, — helst kvitt, høyrde med. Ingen binding eller anna handarbeid den dagen. Gudsteneste i radio fekk ho med seg, og ei god bok var vanleg føre middag. Sjølv synest eg ikkje eg greier å skapa stort av den helgafreden eg sjølv voks opp med. Vi hadde vel alle ønska det slik:

*Det er helgafred over tunet
ikkje ståk og skrammel av noko slag.
Det kviler ein god og freksam tone
over grend ein helgadag.*

Kjellfrid Langleite

Frå meldingsbladet til
Nord-Trøndelag Bondekvinneleg.

SLEKTERS GANG

Døpte



Orkland

09.09. Jan Erik Grønningen
30.09. Arve Kvernvik
30.09. Lillian Opøyen

Geitastrand

23.09. Lise Husdal

Orkdal.

16.09. Sveinung Eide

Orkanger.

02.09. Tore Ustad
16.09. Snorre Hovdal
16.09. Marius Rønning
16.09. Tone Ophaug
16.09. Bente Ophaug
16.09. Silvia Hoff
16.09. Marte Singsås



Vigde

Orkland

08.09. Olav Brynjar Opøyen og
Tordis Asbøll

Orkdal.

22.09. Morten Buan og
Tove Kristoffersen
29.09. Egil Andersen og
Grete Weiseth

STOR KVT-KVELD I

Orkanger ungdomsskole

Vi gleder oss over at Kristen Videregående Skole i Trøndelag vil besøke oss med både lærere og elever. Det blir stort festmøte i Orkanger Ungdomsskole fredag 26.10. kl. 20.00. Rektor Hans Bovim ved Kristelig Gymnasium i Oslo blir kveldens taler. Det blir sang av KVT's elevkor og Orkanger Musikklag. Bevertning blir det også. Vi håper at salen kan bli full av folk denne kvelden slik at KVT kan få et ekstra godt håndtrykk fra Orkdal.

Geitastrand menighet

«Tentreff» på Geitastrand hadde weekend på Bakksætra 7. - 8. sept. 15 greie ungdommer hadde et trivelig døgn der, med peiskvelden som høydepunkt, der lærer og misjonær Kiplesund fengslet oss med sine opplevelser fra Etiopia. Vi takker alle som støtter arbeidet for ungdommen, og ber foreldre fortsatt være velvillige med kjøring til tentreff og turer.

Gunnhild Bjørnbett

Retting.

Bibeltimane på Gjelme.

Bibeltimen 16. november er framsett til 15. november. Res. kap. Aasen vil tale over: Jesus Kristus, sann Gud og menneske.

Kyrkjevergen i Orkdal

melder at 54 bygslarar av gravplassar ved Orkdal kyrkjegard er tilskreve om fornying utan å ha svart ved fristens utgang. Desse graver vil no bli sletta om ikkje bygslingsavgift er betalt innan 1. november.



Døde

Orkland.

03.09. Reidar Aa f. 1899
15.09. Dorthea Hoston f. 1913

Orkdal.

14.09. Kristine Selnes f. 1893
28.09. Lars Mjøen f. 1894
20.09. Arne Fagerholt f. 1903
22.09. Sverre Eide f. 1908

Orkanger

29.08. Edith Mathilde Kvarsnes f. 1917
30.08. Gerd Rømmesmo f. 1927
03.09. Ester Viola Sivertsen f. 1903
22.09. Steinar Larsen f. 1910
22.09. Harald Georg Eilif Kringstad f. 1905
27.09. Aase Spjøtvold f. 1925

Orkdal sokn

Teentreffene på Megården bedehus fortsetter utover høsten. Neste treff blir 18. oktober kl. 18.00.

Konfirmantenes musikkgruppe hadde en fin konsert på siste teentreff på Megården. Vi ser fram til å få høre dem igjen ved en senere anledning.

Søndag 28. oktober kl. 11.00 blir det familiegudstjeneste med opptak av nye speidere. Speidere fra Fannrem, Evjen og Orkanger innvies. Kollekt til speiderarbeidet.

Eldretreffet i Misjonshuset blir 31. okt. kl. 15.00 - 17.00. Arnt Gangås forsetter sin lysbildeserie fra Israel. Vanlig program.

Gåver til bladet

Gaver til bladet i september.

Orkanger:

Randi Danielsen 25. Aslaug Rein 10. Borghild og Tryggve Melby 25. Anne Togstad 15. Ingeborg Soligård 50. Astrid og Arne Midttømme 20. Bergliot Asbjørnslett 20. Aase og Frank Karlsen 20. Randi og Brage Rendal 20. Dagmar Fransvåg 20. Edm. Henden 20. Molla Næss 10. Johanna Martinusen 10. Karen Svensson 10. Astrid Berge 10. Oddveig og Harald Hukkelås 20.

Fannrem:

Ingeborg Svorkås 15. Marie Larsen 20. Magnhild og Torkei Hallien 20. Marta Bye Svorkdal 30. Petra og Arne Melby 25. Inger Stengel 20. Astrid Kostad 20.

Svorkmo:

S. og E. Sandvik 20.

Geitastrand:

Ingeborg og Kristian Isdal 20.

Utenbygds:

Aase Corneliusen, Oslo 10.
Tilsammen kr. 505,-.

Hjertelig takk!

MENIGHETSBLAD

for Orkdal prestegjeld
7330 Svorkmo

Utgitt av sokneråda i Orkdal

Redaksjonsnemnd:
Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel
Agnes Singstad

Redaktør:
Kaare Rogstad

Kasserar:
Einar Garberg, 7320 Fannrem.
Postgironummer 3 26 87 29.

Takk for gåver og kontingent.

Ekspedisjon:
Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

Alle Helgens dag

Leksietekst Johs. åpb. 7, 1-12.

Vår kyrkje høgtider ikkje alle helgens dag i nokor slag tru på helgemenneske som har større rett innfor Guds trone enn andre. Alle helgens dag er for oss minnesundagen for alle våre kjære burtgagne. Denne sundagen vil våre gravlendar vera meire pynta enn nokon dag elles i året. Far og mor, sysken og born som gjekk så altfor snøgt burt frå oss, vil igjen koma oss i minnet og på eit vis samtale med oss. Vi vil enno eingong kjenne at det finnst tomrom i vårt liv som aldri meir her kan fyllast.

Kor er så desse våre kjære døde? Og kor skal vi sjøl koma? Spørsmåla trenger seg inn på oss og vi veit at ein dag vil også vår grav vera prydd med blommar. I nokre år vil også vår grav vera pynta og prydd, men så går det mot den tid at deira stad ikkje kjennest meire.

Så har vi minnesorg over våre døde som ikkje kan hentast att og over synd vi ikkje fekk gjera god att og vi gret tårar avdi vi kjenner det liv som er «som dagen i går når den fer burt». Vi kjenner ei otte for døden, avdi vi kjenner otte for Gud. Og likevel er det ingen annan veg å gå for oss enn den som fører oss til Gud. Han åleine kan gjeva oss

svar på spørsmålet: Kvar skal vi finna att våre døde?

Johannes, den læresvein som vel sto Jesus nærast, han fekk på sine eldre dagar sjå ein gløtt inn i Guds rike. Han fekk sjå folk av alle ætter, stammar, folkeslag og tungar stå for tronen og Lammet. Dei var kledde i lange kvite kjortlar og hadde palmegreiner i hendene medan dei song og prisa Gud og Lammet. Endå om Johannes sitt syn var fergt av menneskesinn og menneskeuhug, så kjenner vi at synet var sant. Det stemmer med alle Jesu løfter til oss t.d. «I huset åt Far min, er det mange rom. Eg går burt og steller istand plass åt dykk.»

Så er det der vi kan finna att våre døde. Men korleis kan vi — du — eg koma dit? Eg som er så underlagt synda sin lov? og eg veit at syndens sold er døden. Det var ein som leid krossdøden for vår skuld. Så skulle vi gå fri. Kristus braut døden si makt over oss. Han gjorde oss fri for døden sitt krav på oss. Då Johannes fekk sjå den store kvite flokken, fekk han høyra at det var dei som var komne ut av den store trengsla. Det vil segja at dei har ein kamp attom seg, som vi enno står midt oppe i. Sume gonger kjennest det slik at mest alt som møter oss i livet, kan verta til freisting, både medgongen og motgongen, både gleda og sorgen. Korleis kan vi då verta ståande? I den Herre Jesus Kristus. Så lyt vi da ha dagleg kontakt med han gjennom bøna vår.

Det syn som vi for tanken ser idag, er den store flokken for Guds trone av alle dei som har latt seg overvinne av den krossfeste Jesus Kristus og som ved han har vunne siger. Og så har Frelsaren lova oss det same som han lova dei: Vær tru til døden, så vil eg gjeva deg livsens krone.

K.R.

SØVASSKJØLEN
FJELLKIRKE

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE
I ORKDAL.

Telefonliste

Soknepresten i Orkdal 82142
Res.kap. i Orkdal 84188
Kalls.kap. i Orkdal 80589
Erling Hoff, organist 80472
Jakobsen, organist 84267
Sjømeling, organist 82322
Indergård, klokker 84533
Kjøren, klokker 83453
Engen, klokker 82435
Fandrem, kirketener 82476
Stokke, kirketener 80564
Sandstad, kirketener 84159

Ta med borna
til gudstenesta

Borna høyrer med i gudstenesta. I den vanlege gudstenesta høyrer dei med.

Vi toler at dei rører litt på seg og gjev frå seg ein og annanlyden.

Kyrkja er ein heim for oss alle. Ein stad vi skulle bli glad i. Men da trengst det at vi er der ofte, slik at det kjennest for oss som ein heim.

..Ta borna med fram til nattverdringen. Mor og far, ta borna mellom dykk og knel for Herrens alter. Dei som er 12 år får motta brødet og vinen. Snart vert denne grensa senka mykje, men inntil så skjer, ta barnet ditt med og det vil bli velsingna med håndspålegging og få med seg eit løftesord. Sit ikkje att med borna i kyrkjebenken, men møt Jesus saman. Tal med borna dine om kva dette er, da vert det ei stor og rik stund også for dei.

B. Aasen.

Kjolen

finner De hos

Dagny Korsli A.s

BARDSHAUG
Tlf. 80 395

Til alle medarbeidere

Ved avslutningen av min embetstid vil jeg gjerne få sende en takk og hilsen til de mange, menigheter og enkeltpersoner som jeg har samarbeidet med gjennom disse vel 18 år. Ved besøk, visitaser og jubiléer er de stadig blitt flere.

Det er ikke lett å nevne noen særskilt.


— Det ville heller ikke være riktig. Det som kjennetegner arbeidet i en menighet og i kirken, er at det er båret av et fellesskap. Ingen er alene om det. Alle har hver sin oppgave. Den ene kan være mer synlig enn den annen. Men ingen kan unnværes. Og vi er avhengige av hverandre. Det er dette apostelen Paulus så sterkt fremhever i sitt første brev til menigheten i Korint. Menigheten er et legeme. Hva enten vi da er øye, eller hånd eller øre o.s.v., så er vi alle nødvendige og knyttet til hverandre.

Denne sammenheng har jeg i min tjeneste følt bare sterkere

med årene, både fellesskapet og avhengigheten. Ikke minst det siste. En gudstjeneste uten menighet er ingen gudstjeneste. Menigheten med den enkelte som deltar er viktigst. Menighetsliv og menighetsarbeide eksisterer bare hvor det er mange som hver på sin plass er tjenere. Og alle tjener vi den samme Herre.

Vi står i Nidaros bispedømme i et stort fellesskap av tjenester. Og for det fellesskap sender jeg en hjertelig takk til hver og en — for samvær i hverdag og høytid, for møter i skole og hjem og for stunder med gamle i aldersheimen og sykestuer.

Så ønsker jeg at den samarbeidets ånd som jeg har opplevd og som apostelen skriver om, må vokse seg stadig sterkere. Vi er ett legeme, men et mangfold av tjenester. Vi er avhengig av hverandre, den «største» som den «minste». Gud har selv villet det slik «forat det ikke skal bli splittelse i legemet, men alle lem-



Biskop Tord Godal

mer ha omsorg for hverandre». 1. Kor. 12.25. Da har vi også den enhet som må til forat verden skal tro.

Måtte Gud velsigne menighetene og hver enkelt som arbeider i dem!

Deres
Tord Godal

Ein kaptein går frå borde

I haust gjekk biskop dr. teol Tord Godal ned frå kyrkjeskippet si kommandobru i Nidaros Bispedømme. Ein «Epoke» i vårt stift har teke slutt og «Biskopen» kan sjå attende på 18 års leidar-skap i kyrkja vår.

Lengere enn hit er det ikkje sømeleg å forma takkens ord i 3de person til ein emeritus som er sprekare og meire vital enn mange femtiåringar. Slik må takken koma i direkte vendingar til deg Tord Godal frå alle oss innom kyrkja sine mange arbeidslag og tenester.

Du kom rikt utrusta til di bispegjering. Både hadde du solide teologiske studiar attom deg — og rik røynsle frå prestearbeid på alle plan. Som teologisk kandidat frå 1932 (23 gml.) fekk du

vidaregåande studiar i inn- og utland (England — Tyskland og USA) og krona det heile med ein teologisk doktorgrad i 1947. Ved sida av alt dette gjekk du gjennom alle prestetenesta sine grader og var klokkar, K.F.U.M.-sekretær, stiftskapellan, res.kap. og domprost. Med ditt overskott rakk du også å vera sekretær for «den midlertidige kirkeledelse», medlem av Nidaros Bispedømmeråd, landsstyremedlem og formann i «den norske kirkes presteforening», medlem i landsstyret for «embetsmennesenes landsforbund» og sanneleg rakk du også å vera sensor til teologisk embetseksamen og praktisk teologisk eksamen.

Bispedømmet du skulle bli bisp i — kjente du godt. Du hadde

vore prest her i 16 år, — stiftskapellan og res.kapellan. Ein prestekollega sa ein gong om deg: «Det er berre grunntonen i dialekten hans som heng att — elles er han prototypen på ein god trønder.» Ein møring eller ein romsdøl ville sikkert ha tatt deg til inntekt for sine distrikt. Det var ein av dine særtrekk at du assosierte deg med den landslut du fekk ansvaret for. Så har du også budd omlag halvparten av ditt liv i Nidaros Bispedømme. Vi vil forresten ha lov til å tru at det ikkje berre var du som i 35 år ga vårt stift din kjærleik, arbeidskraft, dugleik og framtidssyn. Kjærleiken gjekk nok også andre vegen. Nettopp vårt bispedømme kunne gjeva ein god

(Forts. s. 9)

Kristent livssyn i samfunnet

«Jeg tror at kristenfolket i høyeste grad er klar over hvorledes det vil gå med vårt land og vårt folk, våre barn og ungdom, om antikristelige krefter kommer til makten. Derfor er det

kristen politikk når vi kjemper for kristendommens plass i skolene. Derfor kjemper vi mot pornografi og blasfemi i alle dens former. Derfor har vi institutt for kristen opplæring.

Vi har kristne radiostasjoner og kristne skoler. På denne måten har kristenfolket best ment å kunne fremme det kristne livssyn i samfunnet».

Klipp fra Kristne arbeiders forbunds organ «Brorskap».

Orkland menighet

2. nov. Kulturkveld på Svorkmo Samfunnshus kl. 20.00

Heile kvelden er via Bjørnstjerne Bjørnson. Vi får vitjing av lektor Per Amdam fra Molde som vil skildre: Bjørnstjerne Bjørnsons forhold til kristendommen. Opplesning av fru Slørdal. Deklamasjon ved Anders P. Kvåle. Steinar Jakobsen spelar. Bevertning. Mykje allsang. Solosang ved fru Alfer.

7. nov. Bibeltid på Svorkmo Misjonshus kl. 20.00

Res. kap. Aasen taler over emnet: Jesus Kristus, Gud og mann.

4. nov. Familiesamling på Svorkmo Misjonshus kl. 16.00

Vi får vitjing av Familiemusikken på Fannrem. Andakt. Konkurransar. Utlodning. Brus og is. Kaffe til dei vaksne.

1. nov. Eldretreff på Svorkmo Misjonshus kl. 11.00

Prost Rogstad tek oss med inn i samenes riker. Vi får vitjing av same i full samedrakt. Det vert sang av Magnhild Hoff sammen med 2 andre damer. Andakt. Bevertning. Utlodning. Buss om Hoston og Monset.

9. nov. Ten-kveld på Svorkmo Misjonshus kl. 19.30

Vi viser langfilmen: Thime too run. Spennende og engasjerende film. Bevertning.

16. nov. Vår-heim-kveld med Gordon Johnson kl. 20.00

Også denne andre vår-heim-kvelden

vår samlast vi på Svorkmo Misjonshus. Da kjem den kjente psykiater Gordon Johnson og vil tale over: Samlivets vitaminer. Resitasjon og sang ved Ase og Ingvald Flaten frå Oppdal. Bevertning.

Orkanger menighet

Ungdomsarbeidet

Torsdag 1.11. kl. 19.00: Tenkveld i bedehuset. Kretssekretær Tore Byfugllien viser lysbilder fra Sør-Amerika.

Torsdag 15.11. kl. 19.00: Ungdomsgudstjeneste i kirka — kirkebrus. (Også i gudstjenestelista)

Torsdag 29.11. kl. 19.00: Åpent hus i bedehuset.

Eldretreff

Mandag 5.11. kl. 17.00: Lysbilder ved Gnnar Ustad. Sang og musikk.

Hele menigheten synger

Søndag 25.11. kl. 17.00 i kirka. Vi får besøk av ungdomskoret «Immanuel» fra Byneset.

Orkanger Indremisjon

Bibeltimene fortsetter. Torsdag 8.11. kl. 20.00 blir det bibeltid hos Mary Wuttudal. Bertel Aasen har emnet: Jesus Kristus — Gud og mann.

Giroblanketten

I dette oktobernr. av menighetsbladet, er innlagt ein postgiroblankett. Det vil vera svært triveleg om rett så mange ville nytte den.

K. R.

Bønn

Kom og bo i mitt hjerte, Herre!
La meg ligne deg!
Lær meg å lytte til det du sier meg
og lær meg å vente til din tid kommer!
Herre, gi meg et rent hjerte!
Lær meg å elske menneskene
slik som du gjorde
da du var menneske
blant mennesker.
Å, Herre, — hjelp meg til å
glemme meg selv,
og ikke skade et medmenneske —
men bære over med alle feiler de gjør.
Hjelp meg til å forstå mine
brødre og søstre,
og hjelpe dem så godt jeg kan
i deres nød og smerte.

Takk for at du hører bønnen, Herre!
Takk for at du er!

Margit Antonsen

Gardtales i Orkdal

Til alle huslydar i Orkdal, men mest til dei som har flytta frå bygda vil me beda om at dei snarast råd er, tingar bokverket «GARDTALES I ORKDAL» — 2 store bind for kr. 150 + porto kr. 10. Det er ikkje mange utflytta Orkdalingar som har tinga verket enno, og berre dei som har tinga er sikre på å få bøkene. Inna-bygd's kan vende seg til skrivarane eller til nokon i arbeidsnemnda som er: Arnt Vormdal, Reidun Sommer-vold, Jon Asphjell, Sig. Kvaale eller underskrivne. Utabygd's vender seg beinast til formannen i nemnda enten i telefon nr. 84 153 eller adr. 7330 Svorkmo, om dei skriv tinginga.

Knut Liøkelsøy
Form. i arb.nemnda

Ein kaptein - -

Forts. fra s. 1

biskop eit godt vingefang. Din store kjærleik til heim, kyrkje og fedreland fann rette plassen i den gamle erkebispesetad der ein høyrer sagasus frå alle Romsdals — Møres og Trøndelags bygder; og dine vitskaplege kvalifikasjonar fekk du nytta i «Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab» der du også var preses i fleire år. Vi gledde oss med din heider da du i 1969 vart kommandør av St. Olavs Orden.

Prestekolleger, medlemmer av ymse kyrkjelege råd og utvalg og alle de mange «menige» kyrkjefolk som har fått møta deg og oppleva deg på nært hald vil leva med inntrykket av ein blid og mild biskop. Klårt forkynte du den kristne bodskapen om Guds kjærleik og Jesu Kristi forsoningsverk. På det medmenneskelege plan møtte du alle med skjønsemd, godhug og velvilje. Ikkje alltid var vi einige med deg. Det forlangte du heller ikkje.

Når du no går ut av aktiv presteteneste, må det vera rett også å nemna bispinne Hild. Du sto trufast ved din manns side gjennom alle år. Du bar nok også din del av dagens strev og byrde. Vi kjenner deg som medmennesket, ei kanskje noko reddhuga prestekone, kunne opna seg for — når prest og bisp elles var opptatt med visitasens mange gjeremål. Du heldt deg ikkje for god til å bretta opp armene for å ta eit tak i ein snever vending. Så var du også sjølv den muntre og livelege fest- og kontaktskapande prestekone som vi gledde oss til å vera saman med. Endeleg kjenner vi deg som den djerpe og milslukande bispesjåfør.

Eit heilt bispedømme takkar dykk begge og vi gled oss over å få behalda dykk i bispedømmet og stiftstaden. Soga vil nok med sitt lune og humorfylte blink i auge smila når ein bispefamilie i denne demokratiseringa si tid flytter frå ein bispegard til eit Waisenhus.

Vi takkar av hjartet og ynskjer Guds rike signing over dagane.

Kaare Rogstad

Vi tar med innledningen til biskop Tord Godals årsmelding:

Sjelden har man i historien levet under en så omfattende og hurtig forandringsprosess som idag. Endringene skjer i et tempo som gjør det mulig å registrere dem fra det ene år til det annet. Det skyldes ikke minst teknikkens utvikling. Den skaper i aksellererende hastighet nye muligheter i arbeids- og samfunnsnivå. Det som var avansert igår, er antikvert idag. Og vi rekner med at dette vil vedvare ennå i lang tid fremover.

Denne prosess preger ikke bare de ytre livsvilkår. Den slår også over på menneskets forhold til kultur- og åndsverdier. Sannheter er ikke lenger så urokkelige som før. Moralske verdier og normer er relative, og ideer har kort levetid. Historie, tradisjon og tidligere generasjoners erfaring er belastning man bør løsrive seg fra. Også ideologiens dager synes talte, skal man tro skolen av unge franske filosofer hvis tanker har vært gjengitt i dagspressen. Selv om dette ikke er så fremtredende hos oss ennå, ligger det likevel i luften og preger enkeltområder i samfunnslivet. Det gjelder ekteskap, familie, oppdragelse m.m. «Papirløse ekteskap», «kollektivsamliv» lanseres på linje med forpliktende, monogame ekteskap. Familiens betydning som en samfunnets urselle og det beste vern om barnet står ikke lenger uroket. I offentlige barneinstitusjoner, barnehager skal praktiseres en såkalt livssynsneutralitet, da intet livssyn skal ha fortrinn

fremfor andre — og da under den stilletiende forutsetning at livssynsspørsmål er spørsmål om relative størrelser. Likeså ved institusjoner for eldre, handikapte, psykisk utviklingshemmede. Ingen bestemt livssynsholdning skal komme til uttrykk. Alt dette må sees i sammenheng med den verdinivellering eller om man kunne tillate seg uttrykket «verdidemokratisering» dvs. enhver har rett til å sette opp sin egen verdiens rangordning og forlange dem godtatt, som igjen er en følge av at alt er underlagt forandringens lov.

Man skulle tro at denne situasjon ville svekke tilliten og tilslutningen til kirken med dens faste normer, med dens forkynnelsen av evangeliet som sannheten med dens markerte livssynsholdning og med dens fastholden ved en tradisjon som hos oss går 900 år tilbake. Men så er ikke skjedd.

Historiske merkestener vil det være at vi dette år fikk en ny bibeloversettelse, en ny liturgi, og en ny salmebok sto umiddelbart for døren. Viktigere er imidlertid det åndsliv som gjør seg gjeldende. Vekkelsen blant ungdom fortsetter. Stor betydning har her de mange organisasjoner og lag med sine leirer for ungdom. Det er en bredde i dette ungdomsarbeidet som neppe noen gang tidligere. Og de unge blir både kirkegjengere og nattverd-gjester. Tilslutningen til gudstjenesten og nattverden er det i det hele et bemerkelsesverdig kapittel. Ved siden av fortsatt stigning i søkningen til nattverdbordet har spørsmålet om å senke alderen for førstegangs kommunion meldt seg, idet mange foreldre i stadig større utstrekning tar sine barn med opp til alterringen. Arbeidet er i gang med å overveie om ikke alderen kan senkes, slik det allerede er skjedd i enkelte andre kirkesamfunn.

OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER

Gjør familieveggen komplett. Vi hjelper Dem med dette.

Fotograf Kvarsnes

Plater og musikkassetter stort utvalg i gitarer.

Tlf. 80 356 Orkanger

Smått om mangt

Menighetsaksjonen

i Orkdal kyrkje 10. - 16. september vart i alle delar vellukka. Alle kveldar var det sers godt oppmøte. Både Eli Aarsheim og Kjell Tonheim formidla den kristne bodskapen på ein måte som traff både gamle og unge mennesker heime. Mykje fin musikk og song fekk vi også med oss. Så er det å vone at mange fekk med seg åndlege verdier som kan gagne oss på vegen til Guds rike. Å sjå etter frukter er ikkje vår sak. Den sak er Guds. Vår sak er å finna voksterjord og så.

Dyrenes dag

er det over heile verda den 4. oktober. Når dette leses er altså dagen over for dette år. Men kanskje er det rett å la det vera «dyrenes dag» litt alle dagar. Vi mennesker har fått eit stort ansvar for korleis vi stiller med våre umælende vener. Også den handsaminga skal vi stå til ansvars for hjå Gud.

Kanskje er det klokt å minnst at: Alle dyr har si verd i seg sjøl, uavhengig av mennesket. Dyra har grunnleggande rettar som ikkje er bestemt av mennesket.

Ei gamal bordbøn

lært på Orkdal aldersheim:

*Gud skje lov evindeligg
for mat og drikk så rundeligg,
for sine gaver allesammen.
Gud nære vår sjel til Himmerik, amen.*

Kontortida til prestane

Orkanger —
Den Gode Hyrdes kapell

Tirsdag 17 - 19
Fredag 11 - 13

Svorkmo prestekontor
Torsdag 10 - 12

Orkdal sokneprestkontor

Tirsdag 17 - 19
Torsdag 10 - 12
(kateketen)
Fredag 10 - 12

Andre treffetider kan avtales.

Fjellkyrkja

Om F.k. er det stadig gode nyheter. Att-åt at innsamlingsaksjonen går sin gang og går godt, så kan ein melda at lysledningsstolpane no er reist, og eit arbeidslag frå KR 12 ingeniørbataljon er i full sving med å bygge første etappe av vegen.

På utloddningane i Orkdal og i distriktet er det komme inn følgjande summar.

Skaun kr. 2000,—
Svorkmo kr. 3823,—
Orkanger kr. 3000,—
Vormstad kr. 1870,—
Fannrem kr. 4150,—

I Nytt frå Nidaros

— meldingsblad for Nidaros Bispedømme — septemhernumret sto to artiklar som er inntatt i dette nummer. Det er Biskop Godals takk til kristenfolket i Nidaros for alle samarbeidsår, og formannen i Nidaros stifts presteforening sin takk til Godal.

Når skal jeg gå til alters

Slik svarer Luther på dette spørsmålet:

Om du ellers ikke hadde noen grunn til å gå til nattverden, og heller ikke noen nød drev deg til det, ville det ikke være ille nok og nød nok til at du kjente deg kald og unten lyst til dette sakrament?

Dette betyr jo at du finner deg kald og uten lyst til å tro, å takke og tenke på din kjære Frelser og all den velgjerning sam han har vist mot deg med sin bitre lidelse for å forløse deg fra synd, død og djevel, og gjøre deg rettferdig, åndelig levende og evig salig. Hvordan vil du varme deg opp mot slik kulde og ulyst? Hvorved vil du live opp igjen troen din? Hvordan vil du vekke deg selv opp til å takke og love? Vil du vente til dette kommer av seg selv? Eller venter du at djevelen skal gi deg anledning til det?

Det blir aldri noe av dette. Her ved dette nattverdens sakrament må du holde deg fram og opplyve ditt sinn. Her er en ild som kan tenne våre sjeler. Her må du derfor besinne deg på nøden og fattigdommen din og høre og tro din Frelser velgjerning mot de. Da skal ditt hjerte bli helt annerledes enn før og tenke andre tanker.

Helgevakt for utrykning
Vakta gjeld frå kl. 2400 natt til fredag og til kl. 2400. natt til tirsdag. Elles i veka ringer ein til den ein vil.

26.10. - 29.10.
res.kap. Aasen
2.11. - 12.11.
prost Rogstad

9.11. - 12.11.
Kalls.kap. Sletthjell
16.11. - 19.11.
res.kap. Aasen

BIBELTIMER —

ORKDAL SOGN

19. okt. Stokkhaugen kl. 20.00
Bonsaksen

2. nov. Sølberg kl. 20
Bonsaksen

8. nov. Megården kl. 20.00
Bonsaksen

9. nov. Stokkhaugen kl. 20.00
Bonsaksen

16. nov. Gjølme kl. 20.00
Sletthjell

30. nov. Sølberg kl. 20.00
Bonsaksen

6. des. Megården kl. 20.00
Bonsaksen

7. des. Gjølme kl. 20.00
Rogstad

ORKDAL MINNEFOND

De får blankettar hos:

Gunnar Melås, Kåre Gjønes,
Johan Fagerholt, Ane Øyasøter,
Harald Metliås, Einar
Bjørndal, H. Sivertsen, Borg-
hild Asphjell, Dagny Korsli,
Harald Hukkelås. Bankane. Alf-
hild Engen.

ORKLAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

ORKANGER MINNEFOND

Blankettar hos: Harald Hukkelås
Bankane.

GEITASTRAND MINNEFOND

Blankettar hos:

Gunerius Kjøren

VELKOMEN TIL KYRKJA

28.10. Bots- og bededag

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Offer til «Flyktning 79»

Orkdal k. kl. 11. Familiegudst. v. res. kap. Aasen og kateket Solem. Offer til kyrkjelydens speiderarbeid.

4.11. Alle Helgen dag

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til Orkladal felleslag av N.L.Misj. samb.

Orkanger kirke kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Konfirmantjubileum. Nattverd. Kirkekaffe. Offer til nytt menighetshus.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til «Flyktning 79».

11.11. 23. s.e. Pinse

Orkanger kirke kl. 11. Familiegudstjeneste v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til barnarbeidet. Utdeling av Min kirkebok til fireåringer.

Geitastrand k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad. Nattverd. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje. Buss frå Råbygda.

Stokkhaugen bedehus. Gudstj. møte v. res. kap. Aasen. Offer til Søvasskjølen fjellkyrkje.

18.11. 24. s.e. pinse

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Nattverd. Offer til «Flyktning 79».

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen og lege Gordon Johnson. Offer til Modum bad og nervesanatorium.

25.11. Siste s. i kyrkjeåret

Orkdal k. kl. 11. Høgmesse v. prost Rogstad.

Orkladal indremisjons kvartalmøte. Offer til Indremisjonskretsen.

Orkanger k. kl. 11. Høgmesse v. res. kap. Aasen. Offer til Båtflyktningane.

Moe k. kl. 11. Høgmesse v. kalls. kap. Slettahjell. Offer til «Øya gård».

Plan for konfirmasjonstiden

Den norske kirke

Den nye planen for konfirmantarbeidet i vår kirke var ferdig for ca. ett år siden, etter at en rekke menigheter rundt om i landet hadde vært med og prøvd ut viktige sider ved den. Kirkerådet og biskopene anbefalte planen, og den ble videre behandlet av Bispedømmerådenes Fellesmøte oktober 1978. Møtet godkjente planen og anbefalte landets biskoper, konfirmantlærere og menigheter å medvirke til gjennomføringen av den.

En rammeplan med lokale variasjoner

Planen er en rettleidende rammeplan for konfirmantopplæringen i Den norske kirke. Det betyr at det konkrete program for konfirmasjonstiden må utformes i den enkelte menighet ut fra de lokale forhold og muligheter. Planen er så fleksibel at hovedintensjonene i den kan gjennomføres i høyst forskjellige menigheter.

Menigheten og konfirmantene.

Planen skal ikke vedtas av menighetsråd eller menighetsmøte. Presten har det formelle ansvar for konfirmasjonstidens innhold. Der menigheten har kateket, går kateketen og presten sammen om konfirmantopp-

legget. Men det betyr ikke at konfirmantene bare er prestens og kateketens ansvar. Konfirmantarbeidet angår hele menigheten, fordi konfirmantene tilhører menigheten. Det er derfor naturlig at menighetsrådet også knyttes til planlegging og gjennomføring av konfirmasjonstiden.

Menighetsrådet har videre ansvar for å skaffe hjelpemateriell til konfirmantopplæringen, og bør hvert år føre opp et nødvendig beløp på budsjettforslaget til kommunene til innkjøp av hjelpemidler/læremidler.

Konfirmanttidens innhold undervisningen

skjer dels ved konfirmanttimer med kateket eller prest. Der geografiske forhold tillater det — er det også ønskelig at en kan få til ca. 10 gruppesamvær — der et mindre antall av konfirmantene får treffes i private hjem og legfolk i menigheten står som ledere. Kateketen eller presten vil da informere gruppeledere på forhånd om opplegget.

Konfirmantleir, week-end — nevner også den nye planen som et godt og ønskelig tilbud til konfirmantene. Ved

slike tilstelninger er det lett å kombinere undervisning og miljøhygge.

Tjenesteoppgaver

skal også helst inngå som et tilbud til de unge. De bør få hjelp/vegledning til konkret tjeneste i menigheten, for andre mennesker og for menighetens egen funksjon.

Kontakt med foreldrene

legger også den nye planen opp til. Der forholdene ligger til rette for det, er det ønskelig med festsamvær konfirmanter, foreldre, gruppeleder, kateket, prest, menighetsråd.

Vi minner om:

Råbygda kv. forening for NMS held basar i bedehuset onsdag 31. okt. kl. 20. Mange gilde ting til utlodning, og det vert stor auksjon av prima strikkevarer. Kaffekos og andakt skal vi heller ikkje gløyma. Områdesekretær Ottar Hyldmo er med på å skapa tradisjon. Vi ønsker alle vel møtt!

Svorkmo Prenteverk A/S

Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.

Telf. og post: 7330 Svorkmo.